



Dykkar ref.

Vår ref.

24/1823-5 /VIOSTA/24/27367

Arkiv:

Plan-  
46182024006,  
PlanNavn-  
Kulturmiljøplan,  
PlanType-21

Dato

20.09.2024

## Varsel om planoppstart og offentlig ettersyn av planprogram for kulturmiljøplan for Ullensvang kommune 2025-2035

Med dette varslast det om planoppstart og offentlig ettersyn av planprogrammet for kulturmiljøplan for Ullensvang kommune for periode 2025-2035 (planID 46182024006).

### Bakgrunn/historikk

Kulturmiljøplan er ein del av planstrategien i Ullensvang kommune. Etter kommunesamanslåinga i 2020, der gamle Odda kommune, Ullensvang herad og Jondal kommune vart slått saman, har det vore eit mål om å lage ein felles kulturmiljøplan for nye Ullensvang kommune.

Hardanger-regionen har ein rik kulturarv som er svært viktig å ta vare på og formidle. Den nye kommunen omfattar eit breidt spekter av kulturmiljø og kulturminne, både materielle og immaterielle; frå mellomalderminne til industrielle kulturminne, til ulike lokale tradisjonar knytt til folkemusikk og båtbygging med meir.

Ein felles kulturmiljøplan vil bidra til å samla trådane frå dei tre tidlegare kommunane. Målet er å lage ei felles oversikt og strategi for bevaring, formidling og forvaltning av den kulturelle arven i nye Ullensvang kommune i lys av framtidens utfordringar som t.d. klimaendringar og beredskap.

### Planprosess/struktur

Kulturmiljøplan vert utforma som ein tematisk kommunedelplan. Det betyr at det vert behov for meir detaljerte planar i framtida knytt til ulike aspekt som vert omtala i kulturmiljøplanen. Planen følgjer formelle prosesskrav fastsett i plan- og bygningslova (PBL) knytt til kommunedelplan.

Planen skal bestå av ein kunnskapsdel og ein handlingsdel. Gjennom dei to delane er det eit samla mål om å bygge opp eit godt kunnskapsgrunnlag og å tydeleggjere vegen vidare.

#### Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

#### Kontakt oss

Opheimsgata 31  
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

#### Besøk oss i

rådhuset i Odda  
kommunehusa i Kinsarvik og Jondal

> [www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)



## Medverknad

Medverknaden i planarbeidet skal sikrast på følgjande måtar:

- gjennom formelle krav i regelverket etter PBL for ein planprosess
- tilleggsmidverknad frå ressursgruppe og andre aktuelle partar
- ope folkemøte og høyring av planforslag

## Mandat

Utval for kultur og levekår har i møte 03.09.2024 fatta følgjande vedtak i sak 041/24:

*Utval for kultur og levekår vedtek å sende Planprogrammet til Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune 2025-2035 på høyring i minimum 6 veker.*

Planprogrammet vert lagt ut på høyring i seks veker, og det vert samstundes varsla om oppstart av planarbeidet med høyringsfrist på seks veker, i tråd med PBL §12-8 og §12-9. I perioden planprogrammet er på offentleg ettersyn, ber Ullensvang kommune om innspel/ merknader til planprogram og planoppstart.

Frist for å komme med innspel er sett til **01.11.2024**.

Innspel skal merkast med "Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune, planID 46182024006" og sendast til [postmottak@ullensvang.kommune.no](mailto:postmottak@ullensvang.kommune.no) eller sendast via digitalt skjema på Ullensvang kommune si heimesida.

Dokument til saka ligg òg tilgjengeleg på Ullensvang kommune si heimesida:  
<https://ullensvang.kommune.no/seksjon/politikk-styre-rad-og-utval/hoyringar/>

Helsing  
Viola Starr  
samfunnsplanleggjar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:  
Frank Aleksander Høyland rådgjevar  
Ingvild Ystanes  
Kristian Bondhus-Jensen  
Wermund Vetrhus

Vedlegg  
Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune, framlegg til Planprogram  
Høyringsutkast Planprogram Kulturmiljøplan UK September 2024